

nytt fra fortiden

# SPOR

nr. 2 2005

20. årgang

hefte 40

ISSN 0801-5376

Kr. 60,-

Spennende **HELLER-funn**  
fra bronsealder

Oppsiktsvekkende  
**RUNEINNSKRIFT**

Raritetskabinettet:  
**EGYPTISK** fajanse

Lindorm, **PTEROSAURUS**  
og andre drager

**FARGER**  
– ikke bare kulør

[www.vitenskapsmuseet.no/spor](http://www.vitenskapsmuseet.no/spor)



# Oppsiktsvekkjande



Kamfragment med runer frå Horvnes i Alstahaug kommune. Foto Per E. Fredriksen, NTNU, Vitenskapsmuseet

## Tekst Jan Ragnar Hagland

Hausten 2003 vart det ved utgravingar på Horvnes i Alstahaug kommune, Nordland fylke, mellom mykje anna funne to samanhengande fragment av bein med runer på (sjå artikkel s. 10 om den arkeologiske samanhengen desse runene synest å stå i). Funnet vart undersøkt runologisk først i 2005. Fragmenta med innskrift er til saman 30 mm lange og 5 mm høge (sjå bilete). Innskrifta frå staven i første rune (r. 1) til enden av «bogen» i siste (r. 5) er 26 mm lang og runene dekkjer heile breidda av fragmentet og er altså 5 mm høge i si noverande form. Runene er skarpt og tydeleg rissa, slik at det ikkje kan vera

tvil om at dette er ei innskrift og ikkje tilfellelege sprekker i materialet. Det er klårt at beinfragmentet er brote av på langs, slik at runene opphavleg har vore høgare enn dei no er, nøyaktig kor høge kan ikkje avgjerast sikkert. Men av r. 3, 4 og 5 ser vi i alle fall at det er den øvste delen av dei fem runene som er bevart. Det ser, med eit lite atterhald, ut til å vera ei innskrift i den eldre runerekkja – det vil seia runerekkja med 24 runer som var i bruk fram til om lag 800 e. Kr. Innskrifta lyt i så fall gjevast att slik:

ƒ ƒ ƒ ƒ ƒ [---  
a a l l u [---

Dette vil då kunna lesast som det form-

elaktige og truleg magiske ordet alu ('øl') skrive to gonger. Dette viset å gjera det på – altså med å skriva første rune to gonger etter kvarandre, likeins andre og tredje osv. og såleis få skrive same ord to eller evt. fleire gonger – er kjent frå andre runeinnskrifter. Eit problem med innskrifta her er at kvistene på r. 1 og 2 går ut eit lite stykke ned frå toppen av staven. Dette er såleis ikkje ei heilt vanleg form på a-runa i den eldre runerekkja, der forma er slik som gjeven i teksten ovanfor, altså med øvste kvist ned frå toppen av staven. Men ettersom staven i alle runene må ha vore vesentleg lengre enn den bevarte delen, får vi ei form av a det finst nokre parallellar til også i den eldre rune-

# nytt runefunn



rekkja. Særdrag elles ved innskrifta er at r. 4 (l) har litt lengre kvist enn føregående rune og at r. 5 har nokså flat «boge» på det som ser ut til å vera ein u. Heilt sikre på dét kan vi ikkje vera ettersom noko av nedre delen både av denne og dei andre fire runene altså er borte, men det er truleg så. Ettersom det er eit brot etter r. 5, vil det vera grunn til å tru at det i det minste har stått endå ein u, slik at innskrifta skal lesast alu alu skriven på ein måte det altså finst tilsvarende dømme på, jamvel om dét er i langt yngre innskrifter enn det synest å vera tale om her. Om det har stått meir i innskrifta her, vil vi aldri få vita. Heilt eineståande mellom innskriftene i den eldre runerekkja er likevel ikkje

dobbeltskrivinga av dette alu-ordet i innskrifta frå Horvnes. I ei innskrift frå Spong Hill, Norfolk i England, truleg frå det 5. hã., har dei tre stavane i ordet kvister som går til bái sider, slik at ordet kan lesast alu den eine vegen og ula den andre (Pieper 1986, 186). Også det kan oppfattast som ein måte å skriva ordet to gonger på, kanskje for å understreka eit magisk eller kultisk innhald dette ordet gjerne er gjeve.

Ein parallell til runeformene her har vi i dei tre første runene (alu-) av innskrifta på eit søkke frå Førde i Sunnfjord (Krause nr. 49). Også denne innskrifta har a-rune med kvister eit lite stykke ned frå toppen av staven. Når vi tar omsyn til at staven på r. 1 og 2 i innskrifta her må ha vore ein del lengre enn han no er, får vi ei form av a som liknar svært på den i innskrifta frå Førde, det gjeld elles også forma på l og u. Wolfgang Krause reknar innskrifta på søkket frå Førde for å vera frå om lag midten av 500-talet.

Runeinnskrifter med dette ordet alu er etter måten vanlege frå det 5. til det 6. hundreåret, mindre sikkert også frå det 7. I det som framleis er rekna som standardoversynet over innskrifter i den eldre futharken, Wolfgang Krause og Herbert Jankuhns oversyn frå 1966, er det registrert 11 alu-innskrifter i den første av desse to periodane. I tillegg er det ført opp to frå det 7. hã., men desse har seinare fått alternative tolkingar. Ordet har urnordisk form språkleg sett. Ved overgangen frå urnordisk til norrønt språk fall u-en i utlyd bort, og a-en vart til q ved såkalla u-omlyd, slik at den norrøne forma av ordet vart ql n («ø»). Innhaldet i dette ordet alu i runeinnskriftene er likevel omstridd. Det er såleis ikkje semje om det skal tolkast som «ø!» og knytast til førestillingar og skikkar som har med det å gjera, eller om det altså er eit magisk eller kultisk ord vi i dag ikkje heilt skjonar tydinga av. Denne debatten skal vi likevel ikkje å gå nærare inn på i denne samanhengen.

Runeform og urnordisk språkform i denne vesle innskrifta frå Alstahaug tilseier at ho ikkje kan vera stort yngre enn slutten av 500-talet. Språkleg sett kunne ho ha vore frå 600-talet, men då

ville vi helst ha venta forma 𐌱𐌰 (Alu). Slik skrivemåte av dette ordet har vi likevel ikkje sikre belegg for, så kor langt ut på 600-talet vi eventuelt skulle kunna ha datert forma i innskrifta her, er uvisst. Jamvel om innskrifta har eit innhald vi elles har godt med dømme på frå andre innskrifter, må ho med funnstad så langt mot nord sjåast som svært interessant. Det vil i tilfelle tolkinga er rett, vera det nordlegaste dømet vi har både på dette litt uklære fenomenet i runesamheng – innskrifter med alu – og likeins på ei skjonleg innskrift med eldre runer. Frå før er einaste funn med



alu og ula, dobbeltskriving, frå Spong Hill, England. Teikning etter Piper, 1986

runeteikn utan påviseleg meining kjende frå Bindal og Dønna i same landsdelen. Til no har dei nordlegaste kjende innskriftene med dette ordet alu vore ei frå Sandar i Vestfold (Elgesem), ei frå Sokndal (Årstad) og ei frå Time (Fosse) i Rogaland. Elles er tilfanget med alu-innskrifter i det store og heile funne i Sør-Skandinavia. Det vert stadig funne nye innskrifter med dette ordet – i den seinare tid også utanom Skandinavisk område (jf. Fingerlin, Fischer und Düwel 1998, 816). Funnet frå Helgeland utvidar såleis distribusjonskartet både for slike innskrifter og for sikre innskrifter med runer i den eldre runerekkja monaleg i nordleg retning og må med rette kunna kallast ein aldri så liten sensasjon.

## FORFATTER

Jan Ragnar Hagland er professor ved Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet.

## LESETIPS

Fingerlin, Gerhard, Josef F. Fischer und Kalus Düwel 1998, *Alu und ula – Runenbeschriftete Münznachahmungen der Merowingerzeit aus Höfningen*. Germania 76, 789–822.  
Krause = Wolfgang Krause, *Die Runeninschriften im älteren Futhark*. Göttingen (Vandenhoeck & Ruprecht) 1966.  
Pieper, Peter 1986, *Die Runenstempel von Spong Hill: Pseudorunen oder Runenformel? I: Neue Ausgrabungen und Forschungen in Niedersachsen* 17. Hildesheim, 181–200.